

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 07.12.2021
SAKSHANDSAMAR: Marit Solheim/ Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2021/2272

STYRET: Styret i Helse Førde HF **MØTEDATO:** 17.12.2021 **STYRESAK:** 084/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om forskings- og innovasjons (FOI)-aktiviteten andre halvår 2021, inkludert statusrapport om kliniske studiar i Helse Førde, til vitende.

OPPSUMMERING

Administrerende direktør legg med dette fram ei kort orientering om aktiviteten innan forskning og innovasjon siste halvår i 2021, samt ein meir utfyllande rapport om kliniske studiar (mål og status). Rapporteringa har denne gang hovudfokus på kliniske studiar, med bakgrunn i at dette er eit høgt prioritert område i føringar og styringsdokument.

Helse Førde har hatt to disputasar i haust. I tillegg har det vore arbeidd mykje med forskings- og innovasjonssøknader til Helse Vest og Norges *forskningsråd*, av dette fleire større søknader. Det har vore ein nedgang i tal søknader på interne forskingsmidlar. Det kan vere fleire medverkande årsakar til dette. Pandemien fører framleis til ein generell lågare forskingsaktivitet, og med relativt små tal vil det vere variasjonar frå år til år.

HFD og Høgskulen på Vestlandet (HVL) har eit felles forprosjekt som skal vurdere behov for og tilrå løysingar for felles arealutfordringar i dag og i framtida. Det er arealutfordringar i dag, og desse er venta å bli større i åra framover. Forprosjektet ser difor både på kortsiktige og langsikte løysingar. Den kortsiktige løysinga skal vurdere løysingar for korleis ein framleis kan få til samlokalisering av forskings- og innovasjonsmiljøet ved Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet i det felles «*Helseforskning Sogn og Fjordane*»¹. I eit lengre perspektiv ser vi også på kva nye behov som vil komme, og dei utfordringar og moglegheiter som er innanfor arealet til HVL og HFD på Campus Vie.

Om kliniske studiar:

Det har kome tydelege nasjonale føringar gjennom strategien [HelseOmsorg21](#) og den nye [nasjonale handlingsplanen for kliniske studiar](#). Målet er vesentleg auke i kliniske studiar og betre integrering av klinisk forskning i pasientbehandlinga ved norske sjukehus. Føringane har blitt følgt opp i [oppdragsdokumentet til Helse Vest](#) og i [styringsdokumentet for Helse Førde for 2021](#).

Rapporten for kliniske studiar i Helse Førde HF er lagt ved, og syner mål, sentrale tiltak og status for arbeidet med kliniske studiar.

KORT ORIENTERING OM FOI-AKTIVITETEN ANDRE HALVÅR 2021

Pandemien påverkar framleis arbeidssituasjonen for forskarar som er avhengige av data frå klinikkane. Dette har medført forseinkingar i framdrifta til fleire prosjekt, og kan ha medverka til mindre tid og ressursar til å utarbeide nye forskingsprosjekt. I tillegg viser undersøkingar nasjonalt at yngre forskarar får mindre tid til å forske, fordi familiesituasjonen gjer at dei må vere heime med barn under pandemien².

¹ Helseforskning Sogn og Fjordane er ei helseklynge med fokus på forskning, utviklingsarbeid og innovasjon.

² [Ayf-Karriere-etter-korona-2021-PRINT.pdf \(akademietforungreforskere.no\)](#)

Disputasar

Psykologspesialist Stig Magne Solstad disputerte 30.9.2021 ved Universitetet i Bergen med avhandlinga «Patients' experiences with routine outcome monitoring and clinical feedback systems in psychotherapy».

<https://www.uib.no/nye-doktorgrader/147835/er-klinisk-tilbakemelding-nyttig-i-psykisk-helsevern>

Utviklingskoordinator Toril Marie Terum disputerte 5.11.2021 for ph.d.-graden ved Universitetet i Bergen med avhandlinga «Neuropsychiatric disturbances in persons with Alzheimer`s disease and dementia with Lewy bodies, carer distress and time until nursing home admission». <https://www.uib.no/nye-doktorgrader/149020/stress-blant-p%C3%A5r%C3%B8rande-til-personar-med-demens>

Stipendiatstillinga har vore eit samarbeid mellom Regionalt senter for eldremedisin og samhandling (SESAM), Sunnfjord kommune ved Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT), HFD og HVL.

Status søknader

Interne søknader:

Det kom inn seks søknader på dei utlyste interne forskingsmidlane for 2022. Søklarane kjem frå alle klinikkane. Fire av søknadene gjeld nye prosjekt. Det er prosjekt frå alle klinikkane, og prosjektleiarane representerer ei breidde av fag.

I samsvar med praksis i utlysingane til Helse Vest registrerer vi tal søknader. Dersom ein søkjar sender inn same eller nokså lik projektskildring på to utlysingar, vert dette registrert som to søknader. Tal søknader i år er færre samanlikna med dei siste åra. Om vi derimot ser på tal søklarar er det ein mindre nedgang, frå åtte søklarar i 2020 til seks søklarar i 2021. Pandemien medfører framleis ein generelt lågare forskingsaktivitet, og med så små tal vil det vere variasjonar frå år til år.

Alle søknadene vart vurderte som støtteverdige og har fått tildeling. Restmidlar vert lyst ut att.

Utlysing av interne innovasjonsmidlar for 2022 er framleis aktiv med søknadsfrist 10. desember 2021.

Søknader til Helse Vest:

Hausten 2021 vart det sendt seks søknader frå Helse Førde til Helse Vest sine opne forskingsmidlar. Alle var søknader om doktorgradsstipend. Tre av desse er nye søknader. Det var søklarar frå alle klinikkane, og fleire yrkesgrupper var representerte (sjukepleiar, lege, psykolog og helseøkonom). Dei siste åra har HFD sendt mellom fem og åtte søknader.

HFD fekk tildelt eitt PhD-stipend, til psykologspesialist Gøril Solberg Kleiven, klinikk for psykisk helsevern. Ho er knytt til forskingsgruppa psykisk helse og rus. Tittelen på

prosjektet er «Opening up and working with emotions in psychotherapy: a qualitative micro-process study of patients' experience». Med tildeling på eitt prosjekt ligg HFD litt under innvilgingsprosent for alle søknader samla.³

Helse Førde har sendt inn ein søknad til Helse Vest sine innovasjonsmidlar. Søknaden er under behandling.

Helse Vest har denne hausten hatt ei eiga utlysning for å sikre gode forskingsmiljø i mindre helseføretak og private ideelle institusjonar. HFD sende inn ein søknad med tittelen «Personalized and data-driven specialty care. Health service research based on patient data in routine practice». Søknaden har prosjekt i klinikk for psykisk helsevern og kirurgisk klinikk. Svar på søknad kjem i desember.

Søknad til Norges Forskningsråd:

HFD fekk våren 2021 forprosjektmidlar til to prosjekt frå det nye [Pilot Helse-programmet](#) i Norges forskingsråd. Begge forprosjekta vart utvikla vidare til to større søknader som vart sendt til Forskningsrådet i september.

Helse Førde var prosjektansvarleg for det eine prosjektet med tittelen «Pain after surgery – innovating personalized care».

Stavanger Universitetssjukehus var prosjektansvarleg for det andre prosjektet: «Beyond borders: Building a Commercially Viable Drone Service for the Health Sector Domestic and Abroad». Helse Førde er her samarbeidspart.

Søknadene nådde ikkje opp. Innvilgingsprosent på utlysinga var 19 prosent.

Doktorgradsløp

HFD har per november 2021 seks doktorgradsstipendiatar i aktive løp, i tillegg til to postdoktorstipendiatar. I handlingsplanen for forskings- og innovasjonsstrategien er det sett mål om 13 aktive doktorgradsløp i 2023. I inneverande søknader til Helse Vest og Norges forskingsråd er det søkt om til saman tre nye doktorgradsstipend. Samtidig er det eit pågåande arbeid for å legge til rette for tilsette med forskingsinteresse- og kompetanse, og rekruttering av desse.

Utvikling av campusområdet på Vie

Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet har eit forprosjekt som skal vurdere behov for, og tilrå løysingar for felles arealutfordringar i dag og i framtida. Dette skal gje oss betre høve for samarbeid og ruste begge organisasjonar til å gjennomføre forventa auke i oppgåver framover. Det er behov for større og betre areal for samlokalisering kring utdanning og opplæring, ferdighetstrening og simulering, forskning og innovasjon, og møte og kursverksemd. Forprosjektet skal sjå på både kortsiktige og langsiktige løysingar. Den kortsiktige løysinga skal vurdere korleis ein kan halde fram med

³ Innvilgingsprosent på utlysinga var 19%.

samløkalisering av forskings- og innovasjonsmiljøet Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet i det felles «*Helseforskning Sogn og Fjordane*». I dag held desse til i mellombelse lokale.

I tillegg til at HFD og HVL treng areal til ovannemnde funksjonar, har Universitetet i Bergen (UiB) signalisert at dei vil ha behov for meir areal og anna infrastruktur på campusområdet ved Førde sentralsjukehus i samband med ei planlagt realisering av Vestlandslegen. UiB ønskjer her samarbeid med HFD og HVL. Det er vidare starta ein dialog mellom HFD, HVL og Sunnfjord kommune om utvikling av Campus Førde.


Helseinnovasjonskonferansen 2022

Helse Førde er hovudarrangør saman med e-helse Vestland på [Helseinnovasjonskonferansen 2-3 februar 2022](#). Det er over 30 føredragshaldarar frå offentleg sektor, academia og næringsliv. Det er tredje gong helseinnovasjonskonferansen vert arrangert, og konferansen har synt seg å vere eit flott høve for Helse Førde å syne mangfaldet av innovasjon, og for å lære av det som skjer andre stader. Administrerande direktør i Helse Vest RHF, Inger Cathrine Bryne, opnar konferansen.

STATUSRAPPORT OM KLINISKE STUDIAR – KORT OPPSUMMERING

Syner til vedlagde rapport, og gir her ei kort oppsummering.

Det er for få kliniske studiar tilgjengeleg for norske pasientar. Legemiddelutprøvingar finansierte av næringslivet vart meir enn halvert frå 2000-2010, og har vore nokså stabilt sidan⁴. Kliniske studiar er heilt nødvendig for å sikre eit forskingsbasert, oppdatert og godt tenestetilbod til norske pasientar. For nokre sjukdommar gjev deltaking i ein klinisk studie høve til ny og utprøvande behandling som kan gje håp om å bli kurert, få eit lenger liv eller betre livskvalitet. Det er difor viktig at pasientar over heile landet får mest mogleg lik tilgang til å delta i kliniske studiar.



Figur 1: Tal søkte legemiddelutprøvingar (Kjelde: Nasjonal handlingsplan for kliniske studiar, s.8)

⁴ Historiske data for kliniske studiar finst i hovudsak berre for legemiddelstudiar.

I januar 2021 la Helse- og omsorgsdepartementet fram ein nasjonal handlingsplan for kliniske studiar 2021-2025. Den legg tydeleg fokus på å gjere kliniske studiar tilgjengeleg for pasientar, på kulturendring hos helsepersonell, tilrettelegging frå leiinga og samarbeid med næringslivet. Visjonen er at klinisk forskning skal vere ein integrert del av all klinisk praksis og pasientbehandling.

Handlingsplanen har to hovudmål:

- Del pasientar i spesialisthelsetenesta som tek del i kliniske behandlingsstudiar er auka til fem prosent i 2025.
- Talet på kliniske studiar er dobla i perioden 2021-2025.

I styringsdokumentet for HFD for 2021 er det sett opp følgjande kvantitative mål:

- Tal kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderte pasientar i 2021 er **auka med minst 15 prosent** samanlikna med året før.

Vidare ber Helse Vest alle helseføretak i regionen om å:

- følgje opp den nasjonale handlingsplanen for kliniske studiar
- leggje til rette for meir samarbeid om kliniske studiar mellom helseføretaka i regionen
- auke talet kliniske studiar som vert koordinert frå regionen for å gje fleire pasientar tilgang til utprøvande behandling
- nytte felles infrastruktur for forskning til dømes innan biobank, datalagring og analyse

Det er sett i verk ei rekkje nasjonale tiltak for å bidra til auke i kliniske studiar. Både Helse- og omsorgsdepartementet, Norges forskingsråd, dei regionale helseføretaka og universitetssjukehusa har dei siste åra nytta omfattande ressursar for å byggje opp ein nasjonal infrastruktur for kliniske studiar. Lokalt vil betre integrering av forskning i klinisk drift krevje endringar i ressursplanlegging, kompetanseutvikling og kultur. Auka leiarforankring, oppbygging av nødvendig infrastruktur og støttefunksjonar, økonomiske insentiv og tilrettelegging for klinisk forskning som karriereveg vil vere sentrale tiltaksområde. For å kome vidare med dette arbeidet, er det viktig å etablere ei felles retning for utvikling og målbilde, samt få oversikt over kva moglegheiter og utfordringar ein har både nasjonalt og lokalt, og status for arbeidet med kliniske studiar i dag. Vi viser til statusrapport for utfyllande informasjon om dette.

Som ledd i å auke fokuset på kliniske studiar, både internt og eksternt, har studiesjukepleiarar ved kreftavdelinga, med støtte frå seksjon for FOI og kommunikasjonsavdelinga, laga ein podcast med tittelen [Behandling av krigen i kroppen - med forskning som våpen](#). Podkysten er den første av sitt slag frå Helse Førde, og kommuniserer godt verdien av kliniske studiar – både frå pasienten og frå helsepersonell sitt perspektiv. Podkysten vart laga i samband med dei nasjonale forskingsdagane 2021, der årets tema var fred og konflikt.

VURDERING

Aktiviteten innan forskning og innovasjon er god, sjølv om det framleis er grunn til ein viss uro over at det er relativt få forskarar/nye forskarar i føretaket. Det er likevel optimisme knytt til at opptrappinga av midlar som administrerande direktør har lagt opp til dei siste åra har gitt lovande resultat, og vidare bidrag vil komme via realisering av den nyleg vedtekne forskning og innovasjonsstrategien. I tida framover må Helse Førde auke tal kliniske studiar. Slike studiar er viktige for kvalitet og pasienttryggleik, og Helse Førde må bidra saman med dei andre føretaka for å styrke denne delen av drifta.

KONKLUSJON

Administrerande direktør legg med dette fram ei kort orientering om forskings- og innovasjonsaktiviteten i andre halvdel av 2021, denne gangen med hovudvekt på statusrapport om kliniske studiar.

Det er behov for å gjennomføre tiltak for å imøtekome mål for kliniske studiar, der betre integrering av klinisk forskning i klinikken står heilt sentralt. Dette vil vere eit viktig fokus i opptrapping av forskingsaktiviteten framover.

Vedlegg:

Rapport: Kliniske studiar – mål og status